



Arbeids- og sosialdepartementet  
Postboks 8019 Dep.  
0030 OSLO

Personalavdelinga	
Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.:	Dok.nr.:
200400518	- 68
Arkivkode:	Dato:
314	11.03.05
Avd.:	Saksbeh.:
VPA/SFF	
U.off.:	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200307070-214/015/DAHI

Dykkar ref.:

Bergen, 09. mars 2005

## Høyringsnotat - Utkast til lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for mennesker med funksjonsnedsetting

Det blir vist til brev datert 27.01.05 med høyringsutkast.


Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland er ikkje høyringsinstans, men ynskjer likevel å gi følgjande uttale i saka:

1. Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland rår til å lovfesta kommunale og fylkeskommunale råd for funksjonshemma.
2. Fylkesrådet ynskjer ikkje ei samanslåing av råda for funksjonshemma og råda for eldre til eit felles råd jf.§§ 5 og 9 i forslag til lovutkast.
3. Fylkesrådet går inn for muligheten for å kunne oppretta interkommunale råd der dette er hensiktsmessig, utan å knytta det til innbyggjarantallet i den einskilde kommune.
4. I § 6 i lovutkastet står det fylgjande...."Rådets leder og nestleder oppnevnes av kommunestyret". Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland ynskjer at det skal stå:  
Rådet sin leiar og nestleiar skal oppnemnast av kommunestyret.  
Rådet sin leiar og nestleiar skal veljast blant medlemene i kommunestyret.

For Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland

Anne-Berit Kolås

sign.  
- leiar -

  
Dagmar Reutz Hillestad  
- rådssekretær -